



PROGRAM

Surnadal 8. - 12. mai

Vårsøghelga
2008



Kjære publikummar.



Vi vil igjen ønske dykk velkomne til Vårsøglandet. Eit land utan geografiske grenser, ein tilstand, ein spire av stoltheit inst i hjarta, ein inspirasjon. For som Hyldbakk skreiv i diktet, Kultursjå: "Stort det er at folket ber slik kjærleik til kulturen". Ja, stort er det, med den store kulturinteressa som Nordmøringen har og flott er det for oss som driv med Vårsøghelga.

I år tenkte vi å redusere helga frå fire til tre dagar. Men etter nøye vurderingar finn vi ingenting vi kan unnvere, arrangementa utfyllar kvarandre, og er viktig for at alle skal få eit godt kulturtilbod i

Vårsøghelga. Vi har arrangement for eldre og for barn, for kor og for korps. Vi har seminar og konsertar, utstillingar og diktmønstring. Mykje av dette er knytt til det lokale kulturliv, men samstundes tek vi hit profesjonelle artistar til glede og inspirasjon. Dermed blir det fem dagar med Vårsøghelg og alt i alt 30 arrangement. Kanskje kan det gi valets kval til enkelte, men det gir betre tid til å få med seg mykje, når vi strekker helga – "litt lengre...."

Mange av dei profesjonelle artistane som kjem til oss vil gjerne kome tilbake, og det håpar vi at du kjære publikummar, òg vil. Velkomne skal de vere.

Nyt Vårsøget!

Lilli Husby leiar i Laget Vårsøg

Vårsøgskjorta 2008



2008-utgåva av Vårsøg-skjorta er i marineblått og har motiv av Vårsøg-kunstnaren Jon Arne Mogstad.

Skjortene er i god bomullskvalitet og i dame- og herrestorleikar.

Pris kr. 150,-

Vi er med og gjer dette mogeleg!



Vårsøglauget høyrer til dei gode hjelparane, dei rike onklane og dei nyttige samarbeidpartane. Dei hjelper til økonomisk så Vårsøghelga skal ha råd til dyktige artistar og eit variert program. Vi er dei stor takk skyldig.

Ein særskilt takk i år til avisa Driva for godt samarbeid om fotokonkurransen Kvardag og om Vårsøgavisa, til Surnadal Hotell og Kulturhus, som vi har samarbeidd tett med om fleire arrangement, og til Surnadal Sparebank for at dei tok spanderbuksene på og kosta nye flagg og vimplar til helga.



Torsdag 8. mai

- 18.00 **Opning Vårsøgutstillinga** – Kulturhuset, Galleri Finstuå
Surnadal kunstforeining med nok ei spanande utstilling til Vårsøghelga. Vårsøgkunstnar i år er Jon Arne Mogstad. Ordførar Mons Otnes opnar utstillinga i lag med gruppa Perikom.
- 18.30 **Blautkakelag** – Kulturhuset, foajeen
Hans Hyldbakk vart fødd 8. mai 1898. Vi feirar dagen med gratis kake og kaffe til alle. Dei som fyller år 8. mai og som tek turen innom kulturhuset, får i tillegg ein liten presang. Fleire overraskingar kan det òg bli i foajeen denne kvelden!
- 20.00 **Hans 110** - Kulturhuset
Kleivakongen sine vener Holger Skei, Henning Sommerro og Alf Ramsøy inviterer til kabaret. Ein kveld verkeleg å sjå fram til, både for dei som vil trivast i gjenhøyr med Kleivakongen si dikting og for dei som kjenner namnet Hans Hyldbakk betre enn diktinga. Billettpris kr. 150,-

Fredag 9. Mai

- 11.00 **Underhaldning til Eldre Hjelper Eldre** – Kulturhuset, Svorka
Ein del av tanken bak Vårsøghelga er å gje eit kulturtilbod til mange grupper. I år kjem Kolbjørn Botten, trubadur og kulturhøvding frå nabobygda Halså til Eldre hjelper Eldre.
- 12.00 **Hjortefot og Kristiansen** – Kulturhuset, Storstua
Kultur for dei aller yngste. Laget Vårsøg inviterer barnehageborn i tre kommunar til framsyning med Roar Kjølv Jensen.
- 13.00 **Kvardag** – Kulturhuset, foajeen
Ein fotokonkurranse der alle er inviterte til å delta og der eit godt motiv tel meir enn teknikk. Vinnarar blir kåra og bilete viste fram.
- 13.15 **Vårsøgkonferansen 2008** – Kulturhuset, Kammerset
Tema: Tida arbeider for bygda. Dei tre arrangørane inviterer også i år gjester til konferanse, kultur og triveleg samvær. I år er søkelyset på bygda, sett gjennom brillene til forskarar, journalistar, politikarar, næringslivsfolk og kulturaktørar. Arr. Surnadal kommune, Surnadal Sparebank og Svorka Energi.
- 15.30 **Vårsøg på heimen** – Surnadal sjukeheim
Svinviks arboret i bilete og ord og med vakkert tonefølgje. Dordi Kjersti Mogstad og Borghild Betten Talgø vitjar heimen.
- 17.00 **Korpsoppmarsj** – Skei
Som vi no er vande med å sjå, vil Surnadalskorpsa markere Vårsøghelga med korpsoppmarsj.
- 19.00 **Kleivakvelden** - Kleiva
Det vert ikkje Kleivakveld utan Henning Sommerro og John Pål Inderberg. I år har dei med seg visesongaren Kari Bremnes, diktaren Ove Røsbak og Nina Laeskogen, som for fyrste gong skal syte for magedans på Kleiva. Prisutdelingar, mellom anna av Kleivaprisen, høyrer med, likeså Vårsøgdikta og andre unge, lokale talent. Billettpris kr. 200,-

21.00

"Kultursjå og gjestebå" - Surnadal Hotell

Etter at Kleivakvelden er over, inviterer hotellet til god mat, kultur og trivsel denne siste pinsa i gamle lokale. Etter servering av Vårsøgbuffét presenterer Ole Magne Ansnes saman med blant anna Øystein Sandbukt ein musikalsk meny med gamle poplåtar, rock, nokre viser og kanskje litt country.

Buffét kr. 325,- (bordbestilling) -
Cover kr. 100,-

*Kultursjå
og gjestebå
det var i skulesalen,
utstilling av gamle ting
frå Arilds tid i dalen.
Alt var skipa for
at stakkarn skull bli stor
og æresterk
av fedres verk
som Anders sa i talen.*

Laurdag 10. mai

10.00-14.00 **Vårsøgseminaret 2008, Frå grasrot til parrass** – Kulturhuset, Svorka

Mange har ein draum om å bli ein kjend diktar, om å nå opp i diktarkrinser som forlaga ynskjer seg og vi andre lyttar til. Kva er typisk for dei som greier dette steget? Kva skil bygdadiktaren frå den som vert allemannseige? Kvalitet eller hell, geografi og generasjon eller viljestyrke? Vi tek vi denne debatten - med Ove Røsbak, Tom Lund, Arvid Bryne, Viggo Sandvik, Henning Sommerro og Holger Skei som innleiarar, og med fokus på Alf Prøysen, Vidar Sandbekk, Erik Bye og Hans Hyldbakk. Svein Sæter leier diskusjonen. Kaffe og bakels. Billettpris kr. 150,-

11.00 **Søndagsskulesamling** – Åsen, Surnadal Bygdemuseum
Søndagsskulane i bygda er inviterte til fellesmøte i historiske omgivelser.12.00 **Tordenskjold songlag 100 år** – kulturhuset, foajeen
Lansering av jubileumsbok og minikonsert med jubileumskoret.12.00-16.00 **"Frå Arilds tid i dalen"** – Åsen, Surnadal Bygdemuseum.

Kulturskolen byr på akustisk "forbrett-rock" i fjøset, deretter vårsongar og vakre dikt i røykonnstova. Eistein Bæverfjord og Kolbjørn Botten avrundar med gitar og trekkspel, salte viser, muntre anekdotar og allsong i fjøset. Bruk pausane til å sjå innom dei nyinnreia 50-talsromma i museet eller nytte bakels og graut med ein kaffekopp til. Billett til heile arr. kr. 100/50

12.00 **Krigsminnesamlinga sin tradisjonelle opne Vårsøgdag**15.00 **Vårsøgkunstnar Jon Arne Mogstad** – Kulturhuset, kammerset
Jon Arne tek oss med inn i kunsten sin og fortel om livet som biletkunstnar, om eit yrke som nok ikkje berre er eit yrke, men ein måte å leve på. Ta ein tur innom og bli betre kjend med ein "gamal surndaling".

Forts. laurdag

- 15.30 **Rånarane til Skeiss** – Kulturhuset, torget
Vårslepp med Gatebilkklubben, parkering Torget. Tøffe bilar og minst like tøffe typar attom rattet.
- 16.00 **Bokbad med Tiger Garté** – Kulturhuset, Svorka
Med bilar og bilkøyning enno på netthinna går vi inn til bokbadar Ole Magne Ansnes og eit møte med Surnadal sin siste kulturkjendis, Tiger Garté. Romanen Burnout er ein oppvekstroman utan lyseraudt filter og ein oppsiktsvekkjande forfattardebut. Hans Frønes har med seg Martin Langli i musikksekvens.
Billettpris kr. 150,-.
- 18.00 **Konsert med Alfred Jansons Trio og Teodor Janson** - Kulturhuset, Storstua
Alfred Janson er kjend som forfattar av samtidsmusikk, men hit til oss kjem han med piano og trekkspel, lette jazztonar og sonen Teodor som tekstformidlar. Grip sjansen til eit møte med ein av dei største og mest sympatiske musikanane i vår tid.
Billettpris kr. 250,-.
- 21.00 **Mat og Musikk.** Surnadal Hotell
Nyt mellom anna Viggo Sandvik, Ove Røsbak og Tone Krohn som forrett og elevar frå Musikkonservatoriet ved NTNU med sitt Vårsøggprosjekt som dessert. Else Bø er med på piano. Kombinert med hotellet sin Vårsøggbuffet, er vi garantert ein kveld med næring både for kropp og sjel. Buffet kr. 325 (bordbestilling) - Cover kr. 100,-.

Søndag 11. mai

- 11.00 **Pinsegudsteneste** – Stangvik kyrkje
Tradisjonell fellesgudsteneste ved sokneprestane Bjørn Hovde og Magne Bjørndal. Åsskard kyrkje kor deltek.
- 11.00-17.00 **Låtskrivarkurs** – Kulturhuset, Svorka
Ulf Risnes, kjend låtskrivar og trubadur, lærer bort knep og viser eksempel. Andre frå Vårsøggprogrammet som kan noko om tekster og melodiar, kjem og innom. Alle som syslar med eigne låtar, revytekster eller bryllaupssongar, eller som berre har lyst til å læra noko nytt, vil ha glede av dette kurset. Ta gjerne med eige stoff.
Påmelding til Kulturskolen for Indre Nordmøre. Pris kr. 150,-.
- 12.00 **Bacalao i Bondehuset** - Stangvik
Godt påfyll mellom gudsteneste og kyrkjekonsert. Sal av bacalao og kaffe og kaker i Bondehuset som ligg ca. 300 m frå kyrkja.
- 14.00 **"Labora deo gloria" - med gull og perlebånd** - Stangvik kyrkje
Den tradisjonsrike kyrjekonserten byr i år på ei eventyrblanding av aktørar. Juniorsolistene frå Trondheim, Tone Krohn og Paolo Vinaccia med religiøse folketonar i ny innpakning. Billettpris kr. 250,-.

Forts. søndag

- 15.30 **Vårsøg på heimen** - Stangvik aldersheim
Surnadal trekkspillklubb underheld.
- 16.30-18.30 **Korsong i vårsbogen** – Svinviks arboret
På ei unik vandring mellom rododendron og lune tre i arboretet, møter du alle kora frå Surnadal og får oppleve eit nydeleg repertoar formidla med vakre stemmer og stor songglede. Surnadal trekkspillklubb opnar konserten. Vårleg servering i Svinviks arboret kafé. Billettpris kr. 100,-
- 19.00 **Med vegvisar på gammelvegen - Vårsøgvandringa 2008** - Svinvika
Sven Olav Svinvik er vegvisar under ei vårleg vandring langs gamle vegar i Svinvika, som samtidig er ei markering av 100-årsjubileet til Todalen Idrottslag.
Billettpris kr. 50,-
- 21.00 **Konsert med Ulf Risnes orkester** - Kulturhuset, Storstua.
Eks-kinesaren Ulf Risnes presenterer både gammalt og nytt stoff i ei litt friskare innpakning enn vi er vande med. Med både Hans Frønes og Morty Black frå TNT på gitar, blir det garantert skikkeleg trøkk i Storstua.

*Bibelbok
med messingkrok
og pergamentpostiller,
forseggjort og bokstavstor,
så ingen trong ha briller,
kastskåp borti kråa
med inskripsjonar på:
Labora deo gloria,
som sette folk i griller.*

Måndag 12. mai

- 14.00 **"Tapet tapet", konsert med Alpaca Ensemble** - Kulturhuset, Storstua
Når Trio Alpaca, med Sigrid Elisabeth Stang - fiolin, Marianne Baudouin Lie - cello og Else Bø – piano, tek med seg Tor Haugerud på perkusjon og Eirik Hegdal på saksofon, lyder dei namnet Alpaca Ensemble. Dei framfører Tapet tapet, som vart laga for dei og kom ut på plate i 2005. Før dette får vi sjå og høyre Hedda Hansen Berg på flygel. Billettpris 200,-



Kari Bremnes

Kari Bremnes har i mange år vore av dei mest populære visesongarane våre. Ho voks opp i Lofoten, men reiste som 19-åring til Oslo. Ho studerte nokre år og vart cand. mag. ho var journalist i fleire aviser – men heile tida var det musikk ho ville drive med. Etter at ho så godt som tvinga Erik Hilestad i Kirkelig kulturveksted til å gje ut "Mitt ville hjerte" i 1986, fekk ho endeleg eit skikkeleg gjennombrudd som artist. To spelemannsprisar, konsertar og turnear og ein stor fan-skare; resten av historia kjenner vi.



Alfred Janson

Mange meiner at Alfred Janson er større enn Arne Nordheim som komponist av samtidsmusikk. Han er ein eminent jazzpianist og var i mange år fast tonefølgje til Nora Brockstedt. Han vekslar gjerne mellom piano og trekkspel, og supplerer musikken med små kåseri frå scenekanten. Alfred Janson er ein samfunnsengasjert mann, alltid på dei små si side og på vakt mot urett. At han dediserte musikkverket "Mellom-spill" til Arne Treholt, førte til hissig debatt. I 2003 skreiv han Bagdad Blues med undertittel "not for Blair, not for Bush".




Ulf Risnes

Ulf Risnes vert omtala som "ækt Trondhjømmer". Han starta musikerkarrieren sin med eit gitarkurs som 12-åring. Av det drog han konklusjonen at gitar og musikk ikkje var noko for han. Dette skulle endra seg. Han vart ein av "Tre små kinesere", med lett og akustisk rock til Ulf sine trønderske tekster. Sjølv om bandet no er historie, seier han sjølv at det enno er ein god del kinesar igjen i han. Ulf vert omtala som ein habil låtsnekkar. Den første solo-plata hans, "ingen andre", har tydeleg inspirasjon frå britisk popmusikk, med tekster om kjærleik og ein og annan hyllest til gutta boys.

Paolo Vinaccia

Som namnet kan tyda på, er Paolo Vinaccia oppvaksen under ei varmare sol enn dei fleste han no spelar med. Han er ein italiensk komponist, jazztrommeslagar og perkusjonist som kom til Norge i 1979. Han har jobba med, spela inn plater med og turnert saman med dei fleste kjende musikarane innan viser, rock og jazz i dette landet. Han har bidrege på over 100 album og er sær ettertrakta i studio. I tillegg har han komponer mellom anna saman med Terje Rypdal. Unge rockeentusiatar såvel som jazzfrikar kjenner til Paolo Vinaccio, ein musikar med ekte kunstnarimage.



Tone Krohn

Ho har vore kalla Vestfold-huldra, Tone Krohn. Ho er songar og folkemusikar, men samstundes heile tida aktiv med å samla inn songar og musikk frå heimtraktene. Med visegruppa Huldrelått vann ho Prøysen-prisen i 1997, ho har skrevet kabaret til kvalfangarkonene, arrangert folkemusikk, gjeve ut cd-ar med folkemusikk og barnesongar og samarbeidd med fleire grupper og musikarar – mellom anna vår eigen Henning Sommerro.



Trio Alpaca og Alpaca Ensemble.

Pianotrioen Trio Alpaca vart stifta i Trondheim, og tok avsluttande mastergrad i kammermusikk ved Royal College i London i 1999. Dei har motteke prisar og stipend, fått fleire musikkverk skrive spesielt for seg, og gjennom konsertseriar framført kammermusikken sin for born og unge. Når Sigrd, Marianne og Else spelar saman med andre musikarar, som dei ofte gjer, kallar dei seg Alpaca Ensemble. Det er i denne innpakninga vi møter dei måndag ettermiddag.

Alpaca Ensemble:

Sigrd Elisabeth Stang (fiolin), Marianne Baudouin Lie (cello), Else Bø (piano), Tor Haugerud (perkisjon) og Eirik Hegdal (saksofon).



Tiger Garté

25-åringen frå Surnadal fikk stor merksemd rundt debut-romanen Burn Out. Romanfiguren Trym skriv her ei slags dagbok til seg sjølv ein gong i framtida. Boka kan minna om den finske forfattaren Mikael Niemi sin roman "Populærmusikk frå Vittula". Begge er direkte, nesten brutale i si skildring av eit ungdomsmiljø med fest og alkohol som viktige element. Boka skulle eigentleg bli eit filmmanus, sidan forfattaren studerer film og TV-produksjon i Trondheim. Så galt var det likevel ikkje at det vart roman av stoffet, sidan han i etterkant har hausta både godord frå kritikarar og litteraturpris.




Hans Frønes

Hans Chr. Frønes er 29 år, kjem frå Surnadal og er utdanna ved jazzlinja på musikkonservatoriet i Trondheim. Han har spela med alt frå Trondheim jazzorkester og Chick corea til rockeband som Cadillac og New violators. Frønes bur no i Oslo og jobbar som frilanser, dei siste åra mykje med elektronisk musikk. Under Vårsøghelga vil du mellom anna få høyre han presentere nettopp elektronisk musikk i lag med Martin Langli frå Trondheim, tidlegare trommeslager i Gåte og Dadafon, no frilans-musikar med bl.a. Valkyrien all stars.

Juniorsolistene

Juniorsolistene blei starta høsten 2001 som et rekrutteringsorkester for det internasjonalt anerkjende kammerorkesteret TrondheimSolistene. Dei unge musikarane er mellom 14 og 20 år og består av 17 handplukka talent frå heile Midt-Norge, fra Bodø i nord til Molde i sør. Juniorsolistene tel mellom 18-20 strykarar og dirigent er Sigmund Tvete Vik. Orkesteret har både gjeve ut plate og vore på fleire oppdrag i utlandet.

Hedda Hansen Berg



Hedda er ei ung dame frå Surnadal med piano og flygel som instrument. Ho førebur seg i desse dagar til å ta bachelor i utøvande musikk ved universitetet i Trondheim, før ho til hausten går laus på mastergradstudiet. Eit målretta ungt talent vi vil få sjå og høyre meir til.



Jon Arne Mogstad

Vårsøgkunstnaren i år er frå Surnadal. Med utdanning frå Statens Håndtverks- og Kunstindustriskole og Statens Kunstakademi har han vore skapande kunstnar over mange år, og samtidig arbeidd innafør kunstutdanninga i Norge, no som professor i billedkunst ved Kunsthøgskolen i Bergen.

I dei seinare åra har han stått for fleire store utsmykkingar i inn- og utland. Mogstad arbeider med måleri, men har ofte kombinert ulike uttrykk og teknikkar, til dømes fotografi, måla flater og bruk av plexiglas. Bileta inneheld gjerne referansar frå ulike periodar av kunsthistoria, og frå film, TV og musikk. Mogstad er oppteken av mulegheitene innafør denne klassiske kunstforma, og ser den lange historia til måleriet som ein ressurs. Til Vårsøghelga kjem han med nye arbeid, blant anna den store originalen til årets plakatt- og skjortemotiv for Vårsøghelga.



VÅRSØGMOTIVET

Originalen til Vårsøgmotivet i år er eit 196 x 220 cm stort måleri i tekstilfarge og akryl på lerret, måla i 2008. Motiv og inspirasjon er henta frå ein bestemt stad ved breidda av Surna elv, kjær leikeplass i barneåra og no fast besøkt av kunstnaren når han er på heimlege trakter. Med å bruke ein spesiell teknikk med tekstilfarge på bomullslerret har Mogstad fått fram eit svært lett uttrykk – som både minner om akvarell og gir assosiasjonar til gamle impresjonistar som Monet.

*Stort det er
at folket ber
slik kjærleik til kulturen.
Gammel-Sur
og ditto Sjur
treng ikkje vera sturen.
Det lagast med ein sett,
og Paris-måtan dett,
når Ola-Maret
Surnadala
bles renessans i luren.*

Opningstider Vårsøgutstillinga:

9. -10. - 11. mai	12.00 – 20.30
12. – 16. mai	16.30 – 20.30
17. mai	14.00 – 20.30
18. mai	16.30 – 18.30



Fiske Hagebruk

møbel-fiske
SURNADAL AS - TEL 71 45 77 90

Solem Sag

NORGESHUS
Byggefirma
Olav Haugen as

Surnadal **4111** as

Hals Oil

TrioVing®
SIKKERHETSSENTER

PER E. GJELDNES
MASKIN

BILLETTSALG:

Tlf. 71 65 73 08 / 415 46 860

Rabatt på ordinær billettpris:

Born under skulealder: gratis

Born 6 – 16 år: halv pris

Ungdom 16 – 20 år: 25 % rabatt



**Henning Sommerro
og Alf Ramsøy** var
gode vener av
Hans Hyldbakk.

Torsdag feirar dei
110-årsdagen hans med
eiga framsyning.

*Tre vers frå diktet
"Kultursjå og gjestebå"
av Hans Hyldbakk er
bruka i programmet.*

*V*i gratulerer gode samarbeidspartar med jubilea:

Todalen Idrottslag 100 år
Tordenskiold songlag 100 år
Surnadal Skulekorps 50 år
Mo Skulekorps 40 år

Stangvik Skulekorps 40 år
Surnadal Trekkspillklubb 30 år
Kulturskolen for Indre Nordmøre 10 år



www.varsoghelga.no